



## Årsmelding 2019

Laget er tilslutta Hordaland sogelag, Landslaget for Lokalhistorie og Landslaget for lokal- og privatarkiv. Sogelaget held møta sine i heradshuset på Evanger.

Årsmøtet vart halde i heradsstyresalen i heradshuset på Evanger 5.mars kl. 18. Det møtte 20 lagsmedlemar. Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna møtet og ynskte alle velkomne. Grethe sto for leiing og gjennomføring av møtet.

Møtet starta med 1 minutt stille for ein lagsmedlem som var gått bort: Åse Finsrud.

**Økonomi.** Kasserar Svein Mykkeltvedt tok føre seg rekneskapen og gjekk gjennom dei enkelte postar. Økonomien i laget er god. Laget har fleire bøker for sal, noko som er med og støttar opp under økonomien. Det var ingen merknader til rekneskapen for 2018.

**Årsmelding.** Kåre Olav Aldal las opp årsmeldinga for 2018. Det var ingen merknader til årsmeldinga.

**Kåseri:** Anders Mestad heldt eit interessant kåseri om Vestlandske Salslag, der han har vore leiar i mange år. Bedrifta, som siste åra bar namnet Eldhus, er no oppkjøpt av Vossakjøtt AS. Anders tok utgangspunkt i den lange tradisjonen med foredling av kjøtt i Teigdalen, og fortalde om korleis bedrifta vart skipa i 1920. Han greidde ut om arbeidsmetodar og utstyr frå starten av, og om utviklinga gjennom snart 100 år: Ny teknikk, nye reglar for handsaming av kjøtt og foredlingskunnskap. Møtelyden fekk mellom anna vita at ein etterkvart tok i bruk så sterile lokale at spekepylsa inneheldt for lite bakteriar! Ein måtte såleis tilsetja kunstig dyrka bakteriar for å få ei fullgod pølse.

**Vedlikehald.** Laget har tilsyn med Knute Nelson-stova. Her har det vore utført slåttearbeid rundt husa, utført av Knut Mestad. Steintrappa til stovehuset er i forfall, og styret har vendt seg til kommunen om dette. Kommunen, i lag med Fylkeskonservatoren har vore på synfaring i lag med representantar for sogelaget. Det trengs ei større omvøle av trappa og noko av grunnmuren, noko som sogelaget ikkje kan stå inne for økonomisk. Sogelaget fører tilsyn, og utfører enklare vedlikehald. Etter synfaringa har styret purra på kommunen om saka. Styret vil halda saka varm i 2020, og håpar at kommunen og fylkeskommunen kan skaffa midlar til reparasjon med det fyrste.

**Dugnad:** 7.mai var det dugnad på Gamle Straumabrua i Teigdalen. Smijernsrekkverket vart pussa og malt. Det viste seg at noko av rekkverket var skada ved vindfall. Knut Mestad tok på seg å reparere dette. 21.mai var det ny dugnad på same brua. Då vart det rydda skog og kratt nær brua, og rekkverket vart reparert og malt ferdig. Vidare vart smijernsrekkverket på Gamle Fadnes bru malt.

## **Informasjonstavle ved Straumabrua.**

Laget har fått på plass grindbygg med informasjonstavle ved Straumabrua. Knut Mestad har stått for arbeidet med grindbygg. Tavla er identisk med den som står ved Gamle Fadnes bru. Den fortel historien om begge steinkvelvbruene i Teigdalen.

Sogelaget har motteke tilskot frå Statens vegvesen for arbeidet på desse bruene i 2019.

**Postbryggja på Evanger.** Laget søkte i 2018 om tilskot til reparasjon av bryggja til desse instansane: Voss kommune, Statens vegvesen, Hordaland Fylkeskommune og Norsk Kulturminnefond. I mai 2018 fekk sogelaget svar frå Statens vegvesen, som ytte kr 100.000 i tilskot. Hordaland Fylkeskommune og Voss kommune har gitt tilskot på kr 200.000. Dette er kulturmidlar som kommunen mottok frå Fylkeskommunen i 2019. Vidare har BKK gitt tilsot på kr 5000.

Sogelaget utarbeidde tilbudsgrunnlag og henta inn pristilbod på arbeidet hausten 2018. Tre entreprenørar vart inviterte til å gi pristilbod: Jordalen Entreprenør AS, Hirth Himle Entreprenør AS og Voss Maskinstasjon AS. Sistnemnde leverte beste tilbodet. Tilbodsoپning fann stad 20. desember 2018. Entreprenøren starta arbeidet 21. januar 2019.

Fylgjande arbeid er utført: Eksisterande grusmassar og røter i bryggja er fjerna. Grusmassar er ertatta med elvestein frå ein banke i elva vest for bryggja. Store deler av fundamentet i bryggja er reparert. Det er lagt ei rast med stein framfor fundamentet på langsiden, dette for å hindre fundament og mur å siga ut. Trappa i framkant er reparert, og forsterka med steinmassar framfor fundamentet til trappa. Deler av eksisterande mur i bryggja er retta opp. Her er det stort sett brukt eksisterande stein i bryggja, men det er tilført noko murstein frå restar av ein grunnmur etter ei sjøbu i nærleiken; dette etter avtale med Voss kommune. Til slutt er området ved bryggja rydda for store steinar, røter, kvist med meir. Massane i nærleiken av bryggja er planert.

Arbeidet vart godkjent og ferdigstillt 10. september 2019.

Økonomi. Ein god del tilleggsarbeid vart utført undervegs, då det dukka opp uføresette problem, som t.d. mangelfullt band i muren og svakt fundament. Likevel kom Sogelaget godt ut økonomisk med prosjektet i høve til kostnadsoverslag og tildelte midlar i form av tilskot. Totale kostnader inkludert prosjektering og byggjeleing vart kr 331.288.

Bryggja er no i god stand, og har stått godt gjennom fleire flaumar allerede.

**Flåtenaustet** på Bolstad. I 2018 vart det oppdaga lekkasje i taket over Flåtenaustet. Styret sende 27.03.2019 søknad til Voss vidaregåande skule, avd. Byggfag, om dei kunne ta på seg å skifta tak. Eksisterande tak var av furubord, med over/ underliggjær. I tillegg til dette, måtte sutaksplater, reker og lekter skiftast. Laget fekk positivt svar på søknaden, og 23. august starta skulen arbeidet. Det vart utført av dyktige elevar og lærarar, og 17. september sto nytt tak ferdig: Lakkerte stålplater i mørk grå farge. Sogelaget måtte sjølvsgt ta materialkostnadene, men dette vart likevel eit rimeleg prosjekt i høve til om ein skulle ha engasjert entreprenør til å gjera arbeidet. Materialkostnader utgjorde kr 45.000.

## **Tilskipingar:**

Evangerlaurdag vart skipa til 15. juni. Styremedlemer var til stades og selde bøker denne dagen. Ny-utgjeving av «Frå fjell til fjord» årgang -95 og -96 var kome, og lagt ut for sal.

Kulturvandring: 25. september var det kulturvandring til Tyssen i fint haustver, der 19 personar deltok. Omvisinga starta nede ved sjøen, der Arne S. Tyssen fortalde og viste fram dreieverkstad som bestefaren hans, Lars Sjurson Tyssen, bygde og dreiv. Bedrifta starta i 1898, og på det meste var her 10 mann i arbeid. Me fekk og sjå 2. etasje i same huset, der Lars budde med familien. Dette er no nytta som fritidshusvere. Likeeins fortalde Arne om saga, som er bygt saman med verkstaden. Vidare

var fylgjet innom alle tun, og fekk orientering om hus og heim. I tillegg til Arne Tyssen, orienterte Knut Tyssen og Kåre Olav Aldal.

**Sogeskriftet «Frå fjell til fjord»** var sær s tidleg ute, og kom i hus allerede 14.november. Skriftnemnda gjer eit framifrå arbeid kvart år, med innhenting av stoff, redigering og anna arbeid med boka. Me fekk i år særleg god omtale i avisa Hordaland. Boka er populær, både blant medlemer og andre. Ottar Bergstad må nemnast, med stor innsats når det gjeld sal av boka.

**På Heimesida til Sogelaget** finn ein aktuelt stoff som: Presentasjon av sogelaget, aktuelle tilskipingar, bøker for sal, lagssoge, årsmeldingar mm. Heimesida har nettadressa: [www.vassvørisogelag.org](http://www.vassvørisogelag.org).

**Facebook.** Sogelaget har eiga gruppe på Facebook, der det vert lagt ut aktuelle saker, bilete, møteinnkalling mm.

**Møter.** Styret har i 2019 hatt 6 styremøter. 2019 har vore eit aktivt år, med mange ulike saker og tilskipingar.

**Takk for innsatsen:** Grethe delte ut gåve til Olav Edal i Skriftnemnda, som takk for innstasen. Dei andre tre i nemnda fekk og gåve, men dei hadde ikkje høve til å møta på årsmøtet. Gåva dette året var røykt aure. Før kåseriet var det tid for kaffiøkt med heimebakst.

**Talet på medlemer:** Pr. 31.12.2019 hadde laget 111 medlemer.

**Styret i 2019** har vore:

Leiar: Grethe Finsrud Agerlie, valt for 1 år i 2019

Nestleiar: Knut Mestad, valt for 2 år i 2019

Kasserar: Svein Mykkeltvedt. Ikkje på val

Skrivar: Kåre Olav Aldal. Ikkje på val

Styremedlem: Dag Finne, valt for 2 år i 2019

Varamedlemer: Kjellaug Århus og Kåre Tufte, begge valt for 1 år i 2019

Valnemnd: Leif Akerlie (leiar), valt for 3 år i 2017, Anny Forthun valt for 3 år i 2018 og Jan Rasdal valt for 3 år i 2019.

Revisorar: Ivar Hernes og Norvald Lien Mugås, begge valt for 1 år i 2019.

Horvei 1.mars 2020

Kåre Olav Aldal

skrivar